



Jan Ove Totland takkar dei andre 4 aktørane for godt samarbeid

Nordfjordingen Mathias Orheim (1884-1958) - kven var han ?

Han hadde fortent fleire

enn 40 på minnekvelden i kyrkja der ingen etterpå kunne vera i tvil om at han var ein nærmast utruleg talentfull og produktiv mann, Merkelappane lekpredikant, salmediktar og forfattar trong eit supplement og det vart gjeve av Kristian Bringedal, Marit Lindekleiv. Aslaug Hellesøy, Marit Elisebet Totland og Jan Ove Totland i dette fyrste jubileumsarrangementet. Det vart ein fin og verdig Orheimkveld med passande og avstemt veksling mellom ord og tonar



- Kvardagskristen vil eg vera

Orheims livsverk er ikkje minst imponerende når ein veit at han vart blind då han såvidt hadde passert 30.



Det er 5 salmar av Orheim i den nye salmeboka, konstaterar Bringedal

Dei siste åra av sitt liv budde han i Skånevik etter ustanseleg å ha vore på farten i heile Noreg bortsett frå dei 6 nordligaste prestegjelda. Dit fekk han ikkje koma av språkpolitiske grunnar. Heller ikkje var han nok alltid like velsett på grunn av instrumenta han hadde med seg - fele og glas! Men populær blant folk flest må han ha vore med si glade og praktiske forkynning. At livsverket hans er slitesterkt er klårt - Orheim er representert med 5 salmar i den nye salmeboka medan han hadde 6 i den gamle.

Men han skreiv 178 melodiar og 1000 dikt og at han også var ein betydeleg diktar fekk vi prov på ikveld, med Eg lengtar så heim.

Populariteten vart bekrefta då ei samling av songane hans vart trykt i 65 000 eksemplar i det siste opplaget.

Orheim-programmet fortener framføring fleire gonger - kvifor ikkje i Skånevik? Her i bygda har kyrkjejubileet med dette fått ein lovande start.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen